

---

Saksnr: 2020/75404-2  
Saksbehandlar: Matti Torgersen  
Dato: 02.11.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Orientering om arbeid med ein mogleg Austevollpakke

### Bakgrunn

Fylkesdirektøren vil med dette notatet orientere om status, rammer og framdrift for ein mogleg pakke for utbetring av fylkesvegnettet i Austevoll kommune.

### Rammer for ein pakke

Austevoll kommunestyre vedtok i 2016 å starte arbeidet med ei bompengepakke, Austevollpakken. I samband med dette utarbeida kommunen ei samferdselsutgreiing med moglege prosjekt som kan realiserast gjennom bompengepakka.

Austevoll kommune har i 2020 meldt at det ikkje lenger er aktuelt med ein bompengepakke for å utbetre fylkesvegnettet i kommunen, men at dei heller ønskjer å bruke midlar frå eit kommunalt havbrukfond i eit spleiselag med fylkeskommunen. Kommunen har førebels lagt til grunn at det er aktuelt å bidra med inntil 70 mill. kr. frå fondet. Fylkesdirektøren har vurdert moglegheita for eit spleiselag, og vil kome tilbake til storleik på pakken i samband med Regional transportplan 2022-2033. Ein slik pakke må truleg gå over nokre år, både for å fordele den budsjettmessige belastinga, og fordi det er ulik planstatus for prosjekta, samt at gjennomføring tek tid.


Det vil også bli vurdert å koordinere arbeidet med andre tiltak i kommunen, som t.d. vann og avløp, elektrisitetsforsyning og breiband.

### Moglege prosjekt

I samband med arbeidet for ein mogleg bompengepakke, laga Statens Vegvesen kostnadsoverslag for nokre prosjekt på fylkesvegnettet i 2019. Dette gjaldt:

Fv. 153 Torangsvågen bru med tilførselsvegar  
Fv. 546 Kollektivterminal og rundkøyning Storebø  
Fv. 546 Storebø - Eidsbøen  
Fv. 546 Bjelland - Haukanes  
Fv. 546 Selbjørn bru - «Aisen»

Sjå kart:



Det vil vere behov for å vurdere løysingar og spesifisere kostnadsanslag ytterlegare. Alle dei nemnde tiltaka vil bli vurderte i ein pakke. Dei økonomiske rammene tilseier at det truleg ikkje vil vere mogleg å realisere alle dei nemnte prosjekta slik dei førebels er planlagde.

#### Fylkesdirektøren sine vurderingar

Grunna fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, blir det truleg naudsynt med spleiselag frå kommunar, næringsliv og brukarar (bompengar) for å kunne finansiere større utbetringstiltak på fylkesveg. Slike spleiselag kan bidra til å realisere fleire tiltak, samstundes som det kan vere ein fare for at midlane med dette blir kanalisert til område der det er mogleg med slike spleiselag i staden for der behova er størst. Fylkesdirektøren legg opp til at Regional transportplan 2022-2033 skal innehalde retningslinjer for spleiselag med andre aktørar som kommunar, næringsliv og brukarar (bompengar).

Det er samstundes låg vegstandard på store delar av fylkesvegnettet i Austevoll, og fylkesdirektøren er difor i utgangspunktet positiv til å utarbeide ein Austevollpakke med fylkeskommunal deltaking saman med kommunen. Fylkesdirektøren legg opp til å vurdere ein Austevollpakke opp mot andre prioriterte prosjekt i fylket gjennom arbeidet med Regional transportplan 2022-2033.

Prosjektporteføljen i ein Austevollpakke må fastsetjast i samarbeid med Austevoll kommune. Fylkesdirektøren ønskjer i dialogen med kommunen å leggje vekt på at tiltaka skal skape trygge vegar og leggje til rette for kollektivtrafikk, særleg skuletrafikk. I dette ligg å etablere gang- og sykkeltilbod, særleg nær målpunkt for barn og unge som skular og idrettsanlegg, og å trygge busshaldeplassar med mange skuleborn. Vidare er det viktig å redusere risiko for trafikkulukker gjennom å utbetre standardsprang og trafikkfarlege punkt. Fylkesdirektøren meiner det bør vurderast å avsetje midlar også til mindre trafikktryggingstiltak og til kollektivtiltak. Det er etter fylkesdirektøren si meining ikkje ønskeleg med tiltak som generelt sett vil auke fartsnivået.

Vidare er Austevoll ein kommune med eit aktivt næringsliv, og kommunen har fleire hamnar og fiskemottak som genererer ein god del tungtransport. Det bør difor etter fylkesdirektøren si meining også vurderast framkome ved å fjerne flaskehalsar for tungbil.

Fylkesdirektøren meiner det bør leggjast opp til at alle samferdselsprosjekt bør inngå i ein pakke, slik at alle midlar blir kanaliserte gjennom denne. Dette gjer ein større føreseielegheit for styring av midlane. Prinsipp for porteføljestyring av pakken må avklarast.

Det blir lagt opp til å utarbeide eit framlegg til Austevollpakke til vedtak i kommunestyret i løpet av våren 2021. Deretter vil saka bli lagt fram for fylkespolitisk handsaming. Under føresetnad av at pakken blir godkjent i kommunen og i fylkeskommunen, blir den innarbeidd i handlingsprogrammet til Regional transportplan 2022-2033,

Fylkesdirektøren viser elles til sak om Søknad om tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur som vart vedteke i fylkesutvalet 29. september 2020 (PS-sak 190/2020) . I denne saka er det m.a. søkt om midlar til fv. 546 Bjellandsvegen. Denne vegen er ein av dei aktuelle i ein Austevollpakke. I skrivande stund er tildelinga ikkje kjend.